




Vår ref.: 2009/10676

Dykkar ref: 200900464-
/ASB

Arkivnr.: 542.0

Vår dato: 01.12.2009

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.
0032 Oslo



Innspel til framlegg om auke i biomasse for laks- og aureoppdrett 2010

Vi syner til dykkar oversending av 14. oktober 2009 vedrørende generell kapasitetsauke i oppdrett av anadrome artar av matfisk i 2010.

Forskriftsutkastet i høve til nasjonale mål for ei bærekraftig havbruksnæring

Fylkesmannen ser på det som underlig at eit tilbod om generell auke av biomasse blir lagt fram, dagens situasjon og faglige tilrådingar til departementet under tildelingsrunden for 2009 teke i betraktning. Det er brei faglig semje om at bærekrafta i fleire fjordområde på Vestlandet er overskridne med omsyn til fokusområda i FKD sin strategi for ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring. I mange område har ein også for lite kunnskap om situasjonen til å trekke klare konklusjonar rundt økosystema si bæreevne. I område med fare for tap av opprinnelige villaksstammer eller utsikter til ikkje-reversible økosystemendringar skal føre-var-prinsippet gjelde.

Fylkesmannen vil understreke at regjeringa sin ambisjon knytta til *alle* dei definerte bærekraftmåla for havbruk skal oppfyllest *i alle* norske sjøområde. Den framlagte, og etter vårt syn uheldige, inndelinga av Boknafjordsystemet i indre og ytre del er i dette perspektivet ikkje i tråd med nasjonale mål for bærekraftig havbruk. Norsk vassforvaltning skal være heilskapleg- og dette vil ein ikkje kunne oppnå ved å trekke ei linje over fjorden utan omsyn til miljøsituasjon, hydrografi eller kunnskap om smittevegar.

Vi ser i dag ein reell fare for at utvidelse av biomassen kan føre Boknafjordsystemet inn i same situasjon som Hardangerfjorden. Dette vil være eit dårlig forvaltningsmessig grep, som også vil skape ein svært uoversiktlig og vanskelig situasjon for havbruksnæringa i området.

Fylkesmannen kan ikkje tilrå auke i biomassen i Boknafjordsystemet så lenge det ikkje finst verktøy eller kunnskapsgrunnlag for å sikre ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring i området.

Administrative konsekvensar

Gebyr for handsaming av utsleppsløyve

Biomasseauke ved den enkelte lokalitet krever nye utsleppsløyve etter forureiningslova for samtlige utvida lokaliteter. Desse utvidelsane vil bare bli gitt i område der utvidelse er miljømessig forsvarlig, jf. forureiningslova §§ 1 og 11. Det vil bli teke gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med handsaming av søknadane, jf. forureiningsforskrifta § 39-5.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Vederlag for utviding av biomasse

Fylkesmannen meiner det er eit uheldig signal at vederlag for tildelinga skal betalast ut før søknaden er handsama, jf § 7 tredje ledd bokstav c). Dette skaper forventningar hos søkar som gjer det vanskelig for forvaltningsmyndighetene å få aksept for eit eventuelt avslag.

Generelt om høyringsdokument og -prosess

Fylkesmannen oppfatar høyringsnotatet sitt kap 3.5 om områder som skal unntas frå kapasitetsauke som uklart og vanskelig tilgjengelig. Det blir dermed unødig tidkrevande for både næring, interesseorganisasjonar og forvaltning å ta stilling til dei direkte konsekvensane forskrifta vil ha.

Vi tar, etter kontakt med Fiskeridirektoratets regionskontor, utgangspunkt i at alle fjordsystem innanfor Nedstrand, inkludert Vindafjordsystemet, inngår i unntakssonen. Dersom denne forståelsen er riktig, medfører det at Tysvær kommune manglar på lista over kommunar med unnatak frå kapasitetsauke, og at både Vindafjord og Tysvær manglar i forskrifta sitt vedlegg I, avsnittet "Indre Ryfylke".

Fylkesmannen forstår at det er behov for omfattande interne prosessar i forkant av utforminga av forskriftsutkastet, men vil likevel påpeike at siden inndelinga av fjordsystema i høyringsnotatet ikkje er underbygd, er det ekstra uheldig at dei faglige vurderingane som utkastet bygger på ikkje er offentleg tilgjengelige.

Vi vil likevel forsøke å gi tilbakemelding på inndelinga i høve til enkelte av fokusområda i regjeringa sin bærekraftstrategi.

Genetisk påvirkning/rømming

I det nasjonale laksevasdraget Suldalslågen er genetisk påvirkning frå oppdrettslaks så stor at faren for varige endringar i villaksen sine genetiske eigenskapar er overhengande.

Fylkesmannen støttar derfor framlegget om å halde utvidelsane utanom dei nasjonale laksefjordane.

Vi ser imidlertid tendens til aukande innslag av oppdrettslaks i bestandar også langs den oppdrettfrie Jærkysten, ma. i Bjerkreimsvassdraget. Dette indikerer at oppdrettslaksen sine gytevandringar er lengre enn vi tidligare har trudd, og understrekar behovet for å sjå store sjøområde i forvaltningsmessig samanheng.

Arealsituasjonen

Fylkesmannen vil i første rekke minne om det bare er få år sidan krisestemminga var over oss pga. dei omfattande PD-utbrudda i Boknafjorden og Vindafjord. Sjukdomssituasjonen viste oss tydeleg at tilgangen på egna akvakulturlokalitar i området er for liten i høve til den biomassen som i dag er tildelt.

Sjukdom og parasittar

Fylkesmannen stiller spørsmål ved kva hydrologiske og miljømessige vurderingar som ligg til grunn for trekkinga av den konkrete skillelinja gjennom Boknafjorden, og minner om modellering av horisontal spreing av sjukdomsframkallande organismar må bygge på kunnskap om havbotnen sin topografi, ferskvannstilførsel og variasjonar i vind og flo/fjære. Dette er faktorar som i nokon grad avspeglar seg i fjordkatalogen. I den grad oppdeling av samanhengande fjordsystem er hensiktsmessig, vil dette være den naturlige måten å dele på.

Med utgangspunkt i inndelinga i forskriftsutkastet, vil vi understreke at lusesituasjonen absolutt er eit argument som burde vore teke med i høyringsnotatet sitt kap 3.5 , avsnittet ”Indre Ryfylke”.

I Ryfylke viser elektrofiske av tilbakevandrende sjøaure at infeksjonsnivået i 2009 er klart høgare enn i 2008. Katastrofale fangsttal i deler av Vindafjordsystemet gjer at både villaks- og sjøaurefisket vil bli tilrådd stengt i 2010. Sjøaurefisket vil for øvrig bli tilrådd stengt i heile Boknafjordsystemet. Laksefisket blir føreslege stengt i sju vassdrag i Ryfylke og på Haugalandet.

Fylkesmannen meiner det vil være uheldig å tilby lakselusa eit større antall vertar i kommande år – særleg midt i utvandningsruta for laksen frå Ryfylkesfjordane og frå det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen.

Vi har alt klare tegn på resistensutvikling i Ryfylke, og det er rimelig å anta at resistensutvikling blandt lakselus vil vise seg i store deler av Boknafjordbassenget i løpet av 2010. Ei generell biomasseauke i området fortonar seg i dette perspektivet som svært dårlig planlagt.

Det har både frå næringa og Mattilsynet si side dei seinare år komme fram at badeavlusning ved store lokaliteter – særleg i verharde område - kun gir moderat verknad pga. for låge konsentrasjonar av behandlingsmiddelet i merdene. Fylkesmannen fryktar at biomasseauke og større lokalitetar kan akselere restistensutviklinga i Boknafjorden.

Fylkesmannen støttar framlegget om å halde Vindafjordssystemet og Ryfylke utanfor sona for utvidelse. Imidlertid vil utvandrande laks måtte passere mange store anlegg nord for Stjernarøyane og sjøområda sør for Bokn. Med resistensutvikling i desse anlegga som naturleg konsekvens av dagens situasjon, rår Fylkesmannen i frå vidare utvidingar heile Boknafjordbassenget.

Ureining og utslepp

I SFT-rapport 992/2007 ”*The Comprehensive Procedure for the Norwegian West Coast – Eutrophication Status*”, blir heile indre del av Boknafjordsystemet utpeikt som potensielle problemområde (sjå rapportens fig 10), i tillegg til at Haugesund- Karmøy og Stavangerfjordområdet blir klassifisert som sikre problemområde.

Vi merkar oss, bla frå årets utgåve av Kyst og Havbruk, at Havforskningsinstituttet opererer med ein relativt snever definisjon på overgjødsling, utelukkande basert på målt auke i primærproduksjon.

Fylkesmannen meiner ein breiare bærekraftdefinisjon må ligge til grunn for vurderingane om utslepp av næringsstoff overstig resipienten sin bæreevne. Særleg vil vi framheve situasjonen i ein av kysten sine viktigaste økosystem, sukkertareskogen.

I rapport TA 2232/2007 blir situasjonen for sukkertaredøren gjennomgått i større detalj. Det blir trukke fram at ” *Tilstanden i fjordsystemene mellom de store øyene i Boknafjorden som Mosterøy, Rennesøy, Finnøy, Fogn, Halsnøy, Randøy og Ombo viste stor variasjon mht. forekomst av sukkertare og trådalger. Generelt ble likevel sukkertaretilstanden vurdert som dårlig med lite sukkertare og dominans av ulike trådalger (Figur 2.5). Den sterke veksten av*


hurtigvoksende trådalger indikerer at eutrofi er en medvirkende og viktig årsak til observerte tilstand.” I tillegg til dette er situasjonen også dårlig i deler av Åmøyfjorden, og som det alt er teke omsyn til i høyringsutkastet, i indre og ytre deler av Høgsfjorden.


Fleire lokaliteter i Mastrafjorden og rundt Askjesund blir også peika ut som område med dårlig status. Fylkesmannen vil understreke at å gje utvida utsleppsløyve i desse områda ikkje er kurant, og at eit signal om muligheter for auka biomasse ved desse lokalitetene vil være eit svært tvetydig signal frå statlig forvaltning, stikk i strid med vår ambisjon om å sende tydelege signal til havbruksnæringa om potensialet for framtidig vekst og utvikling i fylket.

Konklusjon

Det er heilt sentralt at næringa får tydelige signal om at statlig sektor tar regjeringa sine mål om bærekraft i havbruket på alvor. I Rogaland har vi framleis mulighet til å operasjonalisere den nasjonale bærekraftstrategien – fordi situasjonen førebels ikkje er så tilspissa som i Hardangerfjorden, og fordi vi har god tradisjon for regionalt samarbeid. Vi ber derfor om at biomasseutvidelsar blir sette på vent i heile Boknafjordsystemet.

Med helsing


Harald Thune
fylkesmann


May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsljef

*Saksbehandlar: Tone Ankarstrand
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 03
E-post: tone.ankarstrand@fmro.no*

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning	Tungasletta 2	7485	Trondheim
Statens forurensningstilsyn	Postboks 8100 Dep.	0032	Oslo